

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 14.09.2016
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Linn Jonassen
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar 03.10.2016**

ARKIVSAK: 2015/1423
STYRESAK: **108/16**

STYREMØTE: **03.10.2016**

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
31.05.2016	<p>Høyring – Forslag til regional planstrategi for Hordaland Fylkeskommune</p> <p><i>Regional planstrategi er ein overordna utviklingsplan for fylket. Planen har fire hovudmål for perioden. Strategien er utvikla i tett dialog med kommunane, statlege organ og ulike organisasjonar. Vi vonar derfor at mål og strategiar kan få oppslutning slik at ulike sektorar og forvaltningsnivå kan dra i same retning til gagn for fylket.</i></p>	15.09.2016	Høyrings svar er sendt
02.06.2016	Høyring – regional plan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke 2017 – 2030	30.09.2016	Høyrings svar blir ikkje sendt
06.06.2016	<p>Høyring – oppfølging av forslag i Primærhelsetenestemeldinga og Oppgåvemeldinga</p> <p><i>Det blir her føreslådd å lovfeste kompetansekrav i den kommunale helse- og omsorgstenesta og lovendingar knytt til:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • overføring av tannhelsetenesteansvaret frå fylkeskommunane til kommunane • forsøk med overføring av driftsansvar for distriktpsikiatriske sentra (DPS) • ansvar for å førebyggje, avdekke og hindre vald og seksuelle overgrep • kontaktlegeordninga 	01.10.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a

	<ul style="list-style-type: none"> • kommunal psykososial beredskap og oppfølging 		
13.06.2016	<p>Høyring – forslag til rettleiar om pårørande i helse- og omsorgstenesta</p> <p><i>Rettleiar omfattar alle pårørandegrupper, uavhengig av pasienten eller brukarens diagnose, og inkluderer eldre, vaksne, barn og ungdom som pårørande.</i></p>	12.09.2016	Høyrings svar er sendt
17.06.2016	<p>Høyring – rapport om nasjonalt datasett for ambulansetenesta</p> <p><i>Rapporten presenterer dei helsefaglege behova for felles registrering og nasjonal rapportering av informasjon om behandling og aktivitet i ambulansetenesta.</i></p>	15.09.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
20.06.2016	<p>Høyring – forslag til endringar i arbeidsmiljølova sine reglar om varsling</p>	Høyringsfrist 01.10.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
20.06.2016	<p>Høyring – ny forskrift om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument og endringar i forskrift til åndsverklova</p>	Høyringsfrist 23.09.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
22.06.2016	<p>Høyring – ny sentrumsplan</p> <p><i>Sentrumsplanen er Stavanger sin plan for korleis sentrum skal styrkast og vidareutviklast.</i></p>	Høyringsfrist 30.09.2016	Høyrings svar blir ikkje sendt
23.06.2016	<p>Høyring – forslag til endringar i arbeidsmiljøforskriftane</p> <p><i>Forslag til endringar er i hovudsak ein tydeleggjering og presisering av gjeldande krav i tillegg til reduksjon av grenseverdien for stråledosen for augelinsa på bakgrunn av ny kunnskap.</i></p>	Høyringsfrist 29.09.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
23.06.2016	<p>Høyring – forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for legar og tannlegar (spesialistforskrifta)</p> <p><i>Bakgrunnen for den nye ordninga er eit anmodningsvedtak frå Stortinget der Regjeringa blei bedt om å «leggje fram ei eigen sak om organisering og vilkår for den framtidige ordninga med spesialistgodkjenning og utdanning av spesialister i helsevesenet».</i></p>	Høyringsfrist 14.10.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
24.06.2016	<p>Høyring – forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta</p> <p><i>Alle avgjerder om eigenandel og pasientbetaling for poliklinisk helsehjelp, som i dag er regulert om utgiftar til poliklinisk helsehjelp, blir føreslått regulert i den nye forskrifta.</i></p>	Høyringsfrist 01.10.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a

29.06.2016	<p>Høyring – forslag til endring i DOK-forskrifta</p> <p><i>Europakommisjonen (heretter Kommisjonen) har vedtatt nye fire delegerte rettsaktar av teknisk karakter som gjeld dokumentasjon av byggevarar. Ein av desse rettsaktane er ein Kommissjonsdelegert forordning (klassifisering av byggevarar sin brannpåverknad), som skal gjennomførast i DOK-forskrifta i samsvar til EØS-avtalen. Dei tre andre delegerte rettsaktane er Kommissjonsdelegert vedtak som fastsetter system for vurdering og verifikasjon til tre byggevararegrupper. Desse vedtaka har stor betydning for dokumentasjon av ikkje CE-merka byggevarar og skal dermed også gjennomførast i DOK-forskrifta.</i></p>	Høyringsfrist 15.08.2016	Høyrings svar blir ikkje sendt
01.07.2016	<p>Høyring – læringsmål i ny spesialistutdanning for leger: dei kliniske fag i del 1 og felles kompetansemøduler del 1-3</p>		Høyrings svar er sendt til HF-a
04.07.2016	<p>Høyring – forslag til EU-direktiv om sikkerheit i nettverk og informasjonssystem</p> <p><i>Den 7. februar 2013 lanserte EU-kommisjonen EU sin strategi for cybersikkerheit, «An Open, Safe and Secure Cyberspace». Som eit av fleire tiltak for å nå måla i strategien lanserte Kommisjonen same dag forslag til direktiv om tiltak for eit høgt felles sikkerheitsnivå i nettverks- og informasjonssystem i EU.</i></p>	Høyringsfrist 15.09.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
05.07.2016	<p>Høyring – nasjonale retningslinjer for open tilgang til forskingsresultat</p> <p><i>Regjeringa har som føremål at resultat av offentleg finansiert forskning skal vere opent tilgjengelege. Ved inngangen til 2016 etablerte Kunnskapsdepartementet ei arbeidsgruppe som fikk i oppgåve å lage utkast til retningslinjer for open tilgang til vitskapelege artiklar.</i></p>	Høyringsfrist 01.11.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
08.07.2016	<p>Høyring – utgreiing av fylkesmannens framtidige struktur</p> <p><i>Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sender ein foreløpig rapport frå prosjektgruppa i Statsforvaltningsavdelinga som utgreier framtidig struktur for fylkesmannen, på høyring. Den foreløpige rapporten inneheld ikkje konkrete tilrådingar og er ikkje behandla politisk i KMD. Mandatet for utgreiinga har vore å utgreie ulike modellar for fylkesmannens struktur, avgrensa til geografisk inndeling av embeta. Medan utgreiinga skjer parallelt med kommune- og regionreformane, blir modellane drøfta mellom anna i lys av ulike scenario for kommune- og regionstruktur.</i></p>	Høyringsfrist 14.10.2016	
11.08.2016	<p>Høyring – gjennomføring av forordning (EU) 2016/425 om personlig verneutstyr og om oppheving av direktiv 89/686/EØF</p>	Høyringsfrist 29.08.2016	Høyrings svar blir ikkje sendt

	<i>Arbeidstilsynet, DSB og Petroleumstilsynet sender forslag til forskrift som gjennomfører Europaparlamentets og Rådets forordning på høyring.</i>		
12.08.2016	Høyring – mandat faglege referansegrupper for nasjonale helsefaglege kodeverk <i>Direktoratet for e-helse har utarbeida eit utkast til mandat som beskriv oppgåver og ansvar for dei faglege referansegruppene. Mandatet inneheld også forslag til samansetting av gruppene.</i>	Høyringsfrist 23.09.106	Høyringsbrev er sendt til HF-a
17.08.2016	Høyring – Rekneskapslovutvalet si utgreiing om rekneskapslovas avgjerder om årsberetning mv <i>Finansdepartementet sender på høyring Rekneskapsutvalet si delutgreiing 2, NOU 2016: 11.</i>	Høyringsfrist 17.11.2016	
23.08.2016	Høyring – endring i forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar – innføring av betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og TSB <i>Helse- og omsorgsdepartementet føreslår endringar i forskrifta slik at den også skal gjelde for pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengigheit.</i>	Høyringsfrist 23.11.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
24.08.2016	Høyring – Krav om at legar i den kommunale helse- og omsorgstenesta er spesialistar i allmennmedisin eller under spesialisering <i>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring eit forslag om at alle leger i den kommunale helse- og omsorgstenesta skal være spesialistar i allmennmedisin eller under spesialisering. Forslaget er ein oppfølging av eit tiltak varsla i Primærhelsemeldinga.</i>	Høyringsfrist 23.11.2016	
25.08.2016	Høyring – nasjonal geodatastrategi <i>Nasjonalt geodataråd inviterer til ekstern høyring av utkastet til nasjonal geodatastrategi. Strategien er i løpet av det siste året blitt utarbeidd av Samordningsgruppa for geografisk informasjon og er forankra i Meld. St. 27 (2015 – 2016) Digital agenda for Norge. Nasjonal geodatastrategi skal beskrive viktige mål for arbeidet med infrastruktur for geografisk informasjon. Strategien skal legge grunnlaget for eit betre tilbod og meir bruk av geografisk informasjon i samfunnet. Bidragsytarar og brukarar finn vi innafor dei fleste sektorar, og innan eit stigande tal anvendelsesområde. Strategien har ein tidshorisont fram til 2025.</i>	Høyringsfrist 01.10.2016	Høyringsssvar blir ikkje sendt
25.08.2016	Høyring – om utdanningskapasiteten til	Høyringsfrist	Høyringsbrev er

	<p>helsefaglege utdanningar</p> <p><i>Regjeringa sine målsettingar på området er mellom anna tydeliggjort i Meld. St. 26 (2014-2015) Framtidas primærhelseteneste – nærleik og heilskap og Meld. St. 11 (2015-2016) Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019). Meldingane viser at tenestane står overfor ei rekke endringar og utfordringar, også når det gjeld tilgang på personell og kompetanse. Meldingane inneheld ei rekke tiltak.</i></p>	03.10.2016	sendt til HF-a
31.08.2016	<p>Høyring – forslag til ny lov om omsorgssentra for einslege mindreårige asylsøkarar (omsorgssenterloven)</p> <p><i>Barne- og likestillingsdepartementet sender på høyring eit forslag til ny lov om omsorgssentra for einslege mindreårige asylsøkarar under 15 år. I dag får einslege mindreårige asylsøkarar, som er under 15 år når asylsøknaden blir fremma, tilbod om opphald i eit omsorgssenter. Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) er ansvarleg for tilbodet som er regulert i barnevernlova. Krava til kvalitet, godkjenning, tilsyn og rettigheitar for barn i barnevern institusjonar gjeld i dag tilsvarande for omsorgssentra.</i></p>	Høyringsfrist 02.11.2016	
01.09.2016	<p>Høyring - Nasjonal fagleg retningslinje for bruk av elektrokonvulsiv behandling – ECT</p> <p><i>Det har lenge vore behov for ein fagleg normering knytt til bruk av elektrokonvulsiv behandling (ECT) i Noreg med tanke på indikasjon, kva for undersøkingar som bør takast både før og etter behandlinga, korleis behandlinga skal gjennomførast og spørsmål knytt til samtykke, juridiske og etiske problemstillingar.</i></p>	Høyringsfrist 01.12.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
05.09.2016	<p>Høyring - Ambulanseflytenester 2019 - Innspel til kravspesifikasjon</p> <p><i>HINAS viser til den pågåande anskaffinga av ambulansflytenester. Utkast til kravspesifikasjon for anskaffinga er utarbeidd. HINAS ønskjer innspel på dei obligatoriske krava og kontraktskrav.</i></p>	Høyringsfrist 26.09.2016	HF-a skal gje høyringssvar direkte. Helse Vest får saka tilbake etter høyringsrunden
06.09.2016	<p>Høyring – helseføretaka sin rutine for å behandle prisinformasjon ved kjøp av legemiddel underlagt regelverket for offentlege anskaffingar</p> <p><i>AD-møtet bad i møte den 31. mai 2016 HINAS og føretaksadvokatane om å utgreie rutinar for å handtere prisinformasjon for legemiddel.</i></p>	Høyringsfrist 30.11.2016	
08.09.2016	<p>Høyring - Reviderte nasjonale retningslinjer for diagnostikk, behandling og oppfølging av pasienter med menières sykdom</p>	Høyringsfrist 09.10.2016	

	<p><i>Nasjonale retningslinjer for diagnostikk, behandling og oppfølging av pasientar med Menières sjukdom utkom fyste gong i oktober 2008. Retningslinjene er i inneverande år revidert av Nasjonal kompetanseteneste for vestibulære sjukdommar på oppdrag frå Helsedirektoratet.</i></p>		
--	---	--	--